

**FORSKRIFT OM TILDELING AV LANGTIDSOPPHALD
I SJUKEHEIM, ELLER TILSVARANDE BUSTAD
SÆRSKILD TILRETTELAGD FOR HEILDØGNS
TENESTER, KRITERIUM OG OBSERVASJONSLISTER**

FORSKRIFT OM TILDELING AV LANGTIDSOPPHALD I SJUKEHEIM, ELLER TILSVARANDE BUSTAD SÆRSKILD TILRETTELAGD FOR HEILDØGNS TENESTER, KRITERIUM OG OBSERVASJONSLISTER

Heimel: Fastsett av Tokke kommune ved kommunestyret [dato, månad, år] med heimel i lov 24. juni 2011 nr. 30 om kommunale helse- og omsorgstenester m.m. § 3-2 a andre ledd.

Kapittel 1. Føremål, lovgrunnlag, definisjonar, verkeområde og organisering

§ 1 Føremål

Føremålet med forskrifta er å betre rettsstillinga for pasientar og brukarar med omfattande tenestebehov når det gjeld retten til helse- og omsorgstenester frå kommunen.

Forskrifta skal tydeleggjere kva for kriterium Tokke kommune legg til grunn for tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarende bustad særskild tilrettelagd for heildøgns tenester.

Forskrifta skal vidare tydeleggjere korleis Tokke kommune skal følgje opp personar som står på observasjonsliste til langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarende bustad særskild tilrettelagd for heildøgns tenester.

§ 2 Lovgrunnlag for tildeling av bu- og tenestetilbod

Heimel for tildeling av langtidsopphald og helse- og omsorgstenester i sjukeheim er lov 2. juli 1999 nr. 63 om pasient- og brukarrettar § 2-1 a andre ledd og § 2-1 e fyrste ledd, jf. lov 24. juni 2011 nr. 30 om kommunale helse- og omsorgstenester § 3-1 første ledd, § 3-2 første ledd nr. 6 bokstav c og § 3-2 a første ledd.

Heimel for tildeling av disposisjonsrett til tilsvarende bustad særskild tilrettelagd for heildøgns tenester er lov 2. juli 1999 nr. 63 om pasient- og brukarrettar § 2-1 e første ledd, jf. lov 24. juni 2011 nr. 30 om kommunale helse- og omsorgstenester § 3-1 første ledd og § 3-2 a første ledd. Heimel for tildeling av helse- og omsorgstenester i bustad som nemnd i første setning er lov 2. juli 1999 nr. 63 om pasient- og brukarrettar § 2-1 a andre ledd, evt. også § 2-1 d, jf. lov 24. juni 2011 nr. 30 om kommunale helse- og omsorgstenester § 3-1 første ledd, jf. § 3-2 første ledd nr. 6 bokstav a og b, og/eller § 3-2 første ledd nr. 5, evt. også § 3-8.

§ 3 Definisjonar

Med sjukeheim meiner ein helseinstitusjon som fell inn under forskrift 16. desember 2011 nr. 1254 om kommunal helse- og omsorgsinstitusjon § 1 bokstav d og e og § 2. Buform

for heildøgns omsorg og pleie som er jamstilt med sjukeheim med heimel i forskrift 14. november 1988 nr. 932 for sjukeheim og buform for heildøgns omsorg og pleie omfattast også av omgrepet "sjukeheim". Resterande institusjonar med langtidsopphald for personar som har omfattande behov for helse- og omsorgstenester (aldersheim, bustadar med heildøgns omsorgstenester, institusjonar for rusmiddelavhengige og barnebustadar) er ikkje sett på som helseinstitusjonar, og vil difor ikkje falle inn under omgrepet "sjukeheim" i denne forskrifta.

Med langtidsopphald meiner ein opphald i sjukeheim på ubestemd tid.

Med tilsvarande bustad særskild tilrettelagd for heildøgns tenester meiner ein bustadar der:

- a) Bebuarane sitt tenestebehov vanlegvis er så stort at det er samanliknbart med tenestebehovet som bebuarar i sjukeheim har,
- b) det er mogleg å gje døgntilrettelegging tenester,
- c) det er mogleg å føre tilsyn med pasientane eller brukarane tilsvarande som i sjukeheim,
- d) det er mogleg å ta imot tenester frå helse- og omsorgspersonell med kompetanse tilsvarande som personellet vanlegvis har i sjukeheim,
- e) moglegheita for å tilkalle hjelp og responstida før personellet kan kome til bustaden er tilsvarande som i sjukeheim, og som
- f) kommunen tildelar disposisjonsrett til.

§ 4 Verkeområde

Forskrifta gjeld for pasientar og brukarar som oppheld seg i Tokke kommune, jf. lov 24. juni 2011 nr. 30 § 3-1 fyrste ledd. Forskrifta gjeld i tillegg for pasientar og brukarar som har konkrete planar om å flytte til kommunen og som har eit så omfattande tenestebehov at det er naudsynt at bu- og tenestetilbodet er avklart i forkant for at dei skal kunne flytte.

Tokke kommune disponerer til ei kvar et visst tal plassar som er berekna for langtidsopphald i sjukeheim og bustadar der det vanlegvis vert gitt eit tenestetilbod som er tilsvarande som det som vert gitt i sjukeheim, jf. definisjonane i denne forskrifta § 3. Denne forskrifta gjeld for tildeling av desse plassane og bustadane. Kor mange langtidsplassar i sjukeheim og tilsvarande bustadar kommunen disponerer over, vil bli publisert på kommunen sine nettsider.

I tillegg disponerer kommunen også over plassar i sjukeheim som er berekna for kortvarige opphald og bustadar der det vanlegvis ikkje vert ytt eit tenestetilbod som er tilsvarande som det som vert gitt i sjukeheim.

Kommunen kan dessutan etter ei konkret og individuell vurdering gje tilsvarande tenester som vanlegvis vert gitt i sjukeheim i pasienten eller brukaren sin eigen, opphavelige heim.

Tokke kommune vurderer behov ut frå BEON prinsippet ; Best effektiv omsorgsnivå.

§ 5 Ansvar og myndigheit

Enkeltvedtak om tildeling av langtids- eller korttidsopphald i institusjon som nemnd i forskrift 16. desember 2011 nr. 1254 om kommunal helse- og omsorgsinstitusjon § 1 bokstav a til d, helse- og omsorgstenester i og utanfor institusjon i medhald av lov 2. juli 1999 nr. 63 om pasient- og brukarrettar § 2-1 a andre ledd, § 2-1 e fyrste ledd og § 2-1 d, jf. lov 24. juni 2011 nr. 30 om kommunale helse- og omsorgstenester § 3-1 fyrste ledd, § 3-2 fyrste ledd nr. 6, evt. også § 3-2 fyrste ledd nr. 5, § 3-2 a fyrste ledd, § 3-6 og § 3-8 vert fatta av Tokke kommune ved Helse og omsorgsetaten.

Enkeltvedtak om tildeling av disposisjonsrett til bustad som nemnd i denne forskrifta § 3 tredje ledd vert fatta av Tokke kommune ved tildelingstenesta.

Tildelingstenesta har gjennom enkeltvedtak om bu- og/eller tenestetilbod instruksjonsmyndigheit over tenesteutførande organisasjonsledd, medrekna sjukeheim. Instruksjonsmyndigheita gjeld ikkje døgnplassar for umiddelbar hjelp, jf. forskrift 16. desember 2011 nr. 1254 om kommunal helse- og omsorgsinstitusjon.

Kapittel 2. Kriterium for tildeling

§ 6 Kriterium for tildeling av langtidsopphald i sjukeheim og tilsvarande bustad særskild tilrettelagd for heildøgns tenester og for å få stå på observasjonsliste til slikt bu- og tenestetilbod

Pasient eller brukar har rett til opphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad særskild tilrettelagd for heildøgns tenester dersom dette etter ei helse- og omsorgsfagleg vurdering er det einaste tilbodet som kan sikre pasienten eller brukaren nødvendige og forsvarlege helse- og omsorgstenester.

Om pasient eller brukar får tildelt langtidsopphald i sjukeheim eller disposisjonsrett til tilsvarande bustad særskild tilrettelagd for heildøgns tenester, og kva slags bu- og tenestetilbod som i så fall vert tildelt, avheng av ei heilskapsvurdering der fylgjande moment inngår:

- a) kor omfattande behovet for helse- og omsorgstenester er,
- b) varigheita av hjelpebehovet, irekna om (kvardags)rehabiliteringstiltak er aktuelle,
- c) kva for typar av helse- og omsorgstenester det er behov for,
- d) kva for fagleg kompetanse som trengs for å gje forsvarlege tenester sett i samanheng med tilgangen på helse- og omsorgspersonell med nødvendig kompetanse,
- e) om det er nødvendig med tenester, tilsyn eller nærvær gjennom heile døgnnet eller med korte mellomrom,
- f) pasienten eller brukaren si evne til sjølv å tilkalle hjelp ved behov,
- g) pasienten eller brukaren sitt behov for sosial kontakt og opplevd tryggleik ved at det er nærleik til helse- og omsorgspersonell,
- h) om pasienten eller brukaren er i målgruppa for det aktuelle bu- og tenestetilbodet,
- i) om pasienten eller brukaren har kognitiv svikt, og kor alvorleg den kognitive svikta er,

- j) om pasienten eller brukaren utan endring av busituasjonen risikerer å kome til skade eller å få sin helsetilstand eller funksjonsevne forverra, og om flytting kan virke skadeførebyggjande eller bidra til at vedkomande får moglegheit for å forbetre sin helsetilstand eller funksjonsevne,
- k) om alternativ til bu- og tenestetilbod i sjukeheim eller tilsvarande bustad er aktuelle, irekna helse- og omsorgstenester i heimen, dagtilbod, korttidsopphald i sjukeheim, opphald i omsorgsinstitusjon, tilrettelegging av heimen eller omgjevnadane, hjelpemiddel og tekniske løysingar. (Bruk av «omsorgstrappa»)
- l) pasienten eller brukaren sitt nettverk,
- m) omsynet til personar pasienten eller brukaren bur saman med, irekna om avlastningstiltak er forsøkt eller vurdert,
- n) om pasienten eller brukaren er til fare for andre eller det er fare for materielle skader,
- o) kommunen si organisering av helse- og omsorgstenestetilbodet og
- p) om geografiske forhold eller forhold ved heimen gjer det uhensiktsmessig å gje tenester der.

Avgjerande for om pasient eller brukar umiddelbart får langtidsopphald i sjukeheim eller disposisjonsrett til tilsvarande bustad særskild tilrettelagd for heildøgns tenester eller om vedkomande får enkeltvedtak om få stå på observasjonsliste til slikt bu- og tenestetilbod er følgjande:

- a) om det er ledig kapasitet i det aktuelle bu- og tenestetilbodet og
- b) kor mykje det hastar for pasienten eller brukaren å få eit anna bu- og tenestetilbod enn vedkomande har i dag.

Dersom saka ikkje er tilstrekkeleg greia ut til at det kan verte fatta enkeltvedtak om tildeling av langtidsopphald eller disposisjonsrett til tilsvarande bustad, eller enkeltvedtak om å få stå på observasjonsliste, irekna om pasienten eller brukaren sine ynskjer etter at vedkomande har fått tilstrekkeleg informasjon og rettleiing ikkje er innhenta, må saken greiast ut vidare inntil det føreligg eit forsvarlig beslutningsgrunnlag, jf. denne forskrifta §§ 7 og 8.

§ 7 Kriterium knytt til pasienten eller brukaren sine ynskjer

For at saka skal vere tilstrekkelig greia ut, må det vere gjennomført eit møte e.l. med pasienten eller brukaren og/eller partsrepresentanten med fylgjande føremål:

- a) å kartleggje pasienten eller brukaren sitt behov for helse- og omsorgstenester,
- b) å få samtykke frå pasienten eller brukaren til å innhente ytterlegare opplysningar som er nødvendige for saksutgreiinga frå andre,
- c) å gje pasienten eller brukaren den informasjon og rettleiing som trengs for at vedkomande skal kunne ivareta sine interesser i saken, irekna informasjon om betaling, jf. denne forskrifta § 11 tredje ledd, og
- d) å få klarhet i kva for ynskjer pasienten eller brukaren har etter at tilstrekkeleg informasjon er gitt, irekna om det er pasienten eller brukaren sjølv eller partsrepresentanten som har gjeve uttrykk for desse ynskja. **Brukaren skal medverke til tenestetilbodet, jf pasient og brukarrettighetsloven.**

Pasienten eller brukaren har rett til å velje å la vere å ta imot tilbod om langtidsplass i sjukeheim, med mindre vilkåra i lov 2. juli 1999 nr. 63 kapittel 4A er oppfylt, og til å la vere å ta imot tilbod om å få disposisjonsrett til tilsvarande bustad særskild tilrettelagd for heildøgns tenester. Pasienten eller brukaren mistar ikkje retten til å stå på observasjonsliste ved å takke nei til eit tilbod som vert gjeve av kommunen.

§ 8 Kriterium knytt til saksutgreiinga

For at ein sak som gjeld tildeling eller avslag på langtidsopphald i sjukeheim eller disposisjonsrett til tilsvarande bustad særskild tilrettelagd for heildøgns tenester skal bli sett på som tilstrekkeleg opplyst, må det vere utført ei grundig saksutgreiing, der fylgjande inngår i den grad dei er relevante i saken:

- a) opplysningar om forhold som er nemnd i denne forskrifta § 6 fyrste til tredje ledd,
- b) opplysningar frå møte med pasienten eller brukaren og/eller vedkomande sin partsrepresentant, jf. denne forskrifta § 7,
- c) resultat frå vurderingsopphald i sjukeheim,
- d) opplysningar frå anna helsepersonell og/eller tilbydarar av helse- og omsorgstenester, irekna resultat frå medisinsk, ernæringsmessig eller anna utgreiing og behandling,
- e) opplysningar frå andre delar av den offentlege forvaltninga,
- f) funn frå IPLOS-kartlegging og
- g) andre opplysningar.

Kapittel 3 Rett til enkeltvedtak og oppfølging av pasientar eller brukarar

§ 9 Rett til enkeltvedtak om helse- og omsorgstenester i sjukeheim

Pasient eller brukar som i enkeltvedtak får tildelt opphald i sjukeheim har rett til at enkeltvedtaket også skal omfatte dei helse- og omsorgstenestene som skal bli gitt under opphaldet. Pasient eller brukar som får tildelt disposisjonsrett til tilsvarande bustad særskild tilrettelagd for heildøgns tenester har rett til enkeltvedtak om dei helse- og

omsorgstenestene som skal bli gitt etter dei reglane som er nemnd i denne forskrifta § 2 andre ledd.

Det skal bli fatta nytt enkeltvedtak dersom pasienten eller brukaren skal bli flutt frå avdelinga som vedkomande har opphald i og dersom det skal skje vesentlege endringar i innhaldet eller omfanget av dei helse- og omsorgstenestene som vert gitt.

§ 10 Oppfølging av pasientar eller brukarar på observasjonsliste

Pasientar eller brukarar som kan bu heime i påvente av langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad særskild tilrettelagd for heildøgns tenester, vil få enkeltvedtak med avslag på slikt bu- og tenestetilbod som nemnd ovanfor, men vil samstundes få enkeltvedtak om å få stå på observasjonsliste og om dei helse- og omsorgstenestene som skal bli gitt inntil det kan bli gitt eit bu- og tenestetilbod som nemnd. Dei helse- og omsorgstenestene som vert gitt i ventetida, skal til alle tider vere forsvarlege og behovsdekkjande.

[Namn på det organisasjonsleddet som har fått dette ansvaret delegert til seg] skal til alle tider følgje med på behovsutviklinga hos dei pasientane og brukarane som står på observasjonslista, og skal sørge for at det umiddelbart vert gitt langtidsopphald i sjukeheim eller disposisjonsrett til tilsvarande bustad dersom det oppstår ein situasjon der det hastar for den enkelte pasient eller brukar å få et slikt bu- og tenestetilbod. Ut over hastesakane tildelast slike bu- og tenestetilbod til den av pasientane eller brukarane som ein går utifrå å ha størst behov for det bu- og tenestetilbodet som har blitt ledig. Pasient eller brukar som har fått enkeltvedtak om å få stå på observasjonsliste, må derfor pårekne at pasientar eller brukarar med meir presserande eller større behov vert prioritert framfor dei, og det gjeld ingen tidsfrist for når eit bu- og tenestetilbod som nemnd ovanfor seinast skal bli tilbydd.

Pasientar eller brukarar som står på observasjonsliste har rett til informasjon om kor lang tid dei må pårekne å vente ved å venda seg til Helse og omsorgsetaten i Tokke kommune. Informasjon om gjennomsnittleg ventetid til alle tider vil bli publisert på kommunen sine nettsider.

Kapittel 4. Betaling, klage og ikraftsetjing

§ 11 Betaling for bu- og tenestetilbod

Eigenbetalinga for helse- og omsorgstenester i sjukeheim følgjer reglane i forskrift 16. desember 2011 nr. 1349 om eigenandel for kommunale helse- og omsorgstenester i institusjon.

Betaling for tilsvarande bustad særskild tilrettelagd for heildøgns tenester går fram av kontrakten som vert inngått om det aktuelle butilbodet. Eigenbetalinga for helse- og omsorgstenester i slikt butilbod følgjer reglane i forskrift 16. desember 2011 nr. 1349 om eigenandel for kommunale helse- og omsorgstenester utanfor institusjon.

Den enkelte pasient eller brukar har som eit ledd i den informasjonen som skal bli gitt etter denne forskrifta § 7 fyrste ledd bokstav c rett til å få et grovt overslag over kva det vil

komme å ta imot helse- og omsorgstenester i heimen, bu- og tenestetilbod i sjukeheim og bu- og tenestetilbod i tilsvarande bustad særskild tilrettelagd for heildøgns tenester.

§ 12 Klage

Ved klage på enkeltvedtak om langtidsopphald i sjukeheim eller om å få stå på observasjonsliste til langtidsopphald i sjukeheim og om helse- og omsorgstenester i eller utanfor sjukeheim gjeld føresegna i lov 2. juli 1999 nr. 63 om pasient og brukarrettar kapittel 7. Helsedirektoratet er overordna forvaltningsorgan med tilgang til å gjere om vedtak utan klage, jf. lov 10. februar 1967 om behandlingsmåten i forvaltningssaker § 35.

Ved klage på enkeltvedtak om tildeling av disposisjonsrett til tilsvarande bustad særskild tilrettelagd for heildøgns tenester gjeld reglane i lov 10. februar 1967 om behandlingsmåten i forvaltningssaker § 28.

§ 13 Ikraftsetjing og revidering av forskrifta

Denne forskrifta trer i kraft 1. juli 2017.

Forskrifta skal bli gjennomgått og ved behov bli revidert når nasjonale kriterium for tildeling av langtidsopphald i sjukeheim og disposisjonsrett til tilsvarande bustad særskild tilrettelagd for heildøgns omsorg er vedtatt. Ved motstrid vil den nasjonale forskrifta gå framfor denne forskrifta.